

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 39.

Fylke: Rogaland.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Sjernarøy.

Emne: Høgtidsmat ved familiefestar. Bygdelag: Nord-Hidle.

Oppskr. av: Johannes Hidle.

Gard: Nord-Hidle.

(adresse): Reilstad.

G.nr. 12. Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Födsla.

SVAR

1. Sengmat var det koner i grannelaget som kom med, og so slektningar som ikkje budde for langt burte. Jamnast var det kvinner frå det me kallar "bedlaget" som kom.
2. Dei kom ikkje i flokk, det var ei for ei, um det enn hende der kom same dagen, serleg um bedlaget var stort.
3. No kon avtale var der ikkje millom dei so langt eg kjenner til, men i ei liti grend visste dei jamnast um kvarandre og kunde velja ein dag dei fekk vera åleina.
4. Nokon viss regel for kor tidleg dei byrja koma veit eg ikkje, eg tenkjer meg det för kunde vera frå fjorde dagen og utyver ettersom det fall. Dei skulde helst koma um dagen medan kona låg; no er dei visst tidlegare uppe enn för, so det hender dei kjem etter dei er uppstadne, gjerne ein kveld. Det skulde vera ein vyrkedag dei kom.
5. Dei kom berre ein gong utan dei budde nærre og var i ått, som ei gamal bestemor på same garden, ho kunde koma dagen etter födsla, gjerne med litt sötsupa, og sidan når det var meir høveleg tid koma i slikt erend.
6. I min upp-vokster kring 1890 bar dei risengrynsgraut med sukker, kanel og smör på. Sume stader brukar dei og rosiner., har eg höyrt. I seinare tid kan det vera kaker, kringler og anna bakverk.
7. Regeln var ein gong.
8. Ilåtet dei bar grauten i, var visst frå gamalt ambar. Det var avlagt i min oppbokst heima. Dei kom med grauten i eit stort fint fat, gjerne det dei kalla terrin, den var kvit av farge, gjerne sume gonger med roser på.
9. Den maten dei soleis kom med heite anten barsenggraut eller og sengmat, anten det var graut eller suppa, eller um der var vafler attåt grauten, eller lefsa, men det var sjeldnare.
10. Kona sjölv gjekk, dei sende ikkje dotter eller gjenta so sant kona sjölv kunde fara.
11. Mannen fylgde ikkje utan han skulde hjelpa bera korgi for kona, den vart då yvergjevi kona når dei kom til döri. Han var ikkje med inn utan dei kom roande, då fylgde han med inn, og det var ikkje sedd på som noko underleg i det høve. No kan det vera sume stader dei går både mann og kona, gjerne ein kveld etter barsengkona er uppe.
12. Dei som kom skulde ha traktering, kaffi og mat til. Nokon skil på åtferdi um det var gut eller gjenta, har eg ikkje höyrt gjete.
13. Dette at kona fekk mat når ho kom med sengmat har eg aldri höyrt noko namn på. Som regel kom ho åleina, ikkje i lag.
14. Noko "konemåltid" etter barselkona var uppe. har eg ikkje höyrt dei heldt i mi heimbygd.
15. Ugifte mödrar var der ikkje i mi heimbygd eller krins då eg vaks upp. Hadde der vore vilde dei vel set um dei med.

- 2.
16. So vidt eg veit går dei framleides med graut i mi heimbygd, um det enn i seinare år kan skifta noko, både der og andre stader, so det går yver til sötsupa, blautkaker, og kanhenda blomar. Umskifte er so vidt eg kan tenkja kome etter fyrste storkrig og har visst auka på.
 17. För ikkje noko gåva med til den nyfödde, no skal det vel henda. Helst klæde til barnet.
 18. No er det gjerne meir vanleg med små gåver til nyfödde.
 19. Med i barsölet var fadrane og so besteforeldri um dei livde og sume nære ættingar og grannar, men sjeldnare grannar.
 20. Dei kalla dette dåpsselskapet for barsöl.
 21. Sendingar til barsöl var ukjende då eg vaks upp, og fadrane gjer det vel ikkje framleides, onnorleis var det um nokon andre var bedne med. Nokon viss mat veit eg ikkje um, det var middag med kjøtrett og sidan kaffi som vanleg.
 22. Fadrane skulde gjeva faddergåva, og då gav dei etter råd og hjartelag. Faddergåvene kunde og koma seinare, helst det.
 23. No er lagi større og flottare enn för.
Födelsdagar.
 24. Aldri skikk festa födelsdagen för, korten for bön eller vaksne. No er det meir vanleg.
 25. Födelsdagar kan dei no minnst i huset, men større stas er det ikkje utan det er ein med rundt tal, anten med 0 eller 5 i enden, og serleg må dei vera komne noko upp i åri för dei tek til med det.
 26. För skulde dei vera bedne, no går folk sjölvbedne på dei større födelsdagane, og i eit lite grannelag tykkjer folk ikkje det høver når grannefolk held seg burte ein slik dag.
 27. Gåver vert meir og meir vanlege, serleg matvarer, t.d. kaker eller annam nat, men og andre ting, serleg frå dei næmaste og mest kjende.
 28. Snautt nokon viss rett på födelsdagen för.
 29. No byd dei kaffi, smørde bröskiver og kaker attåt, gjevne eller kjøpte, og skal det vera grunt byd dei lenger på kvelden noko "dessert", helst litt drika, t.d. brus eller veikt öl og småkaker til. Bøni skal hava kaka med ljøs på med dei er mindre, sidan vert det for mange ljøs.
Konfirmasjon.
 30. För vart konfirmasjonen högtida i det stille, berre husets folk.
 31. No har dei lag, det byrja etter det eg minnst etter 1890 i mi heimbygd og har sidan auka på, so no er det vorte vel mykje av det, so det held på verta som braudlaup og til byrde for folk, både dei som held dei og gjestene.
 32. Bedne vart fadrane, slekti og sume stader læraren og presten.
 33. Sume stader sender dei litt mat, gjerne kaker, andre gjev gåver til konfirmanten.
 34. No er det skikk gjeva gåver og då sjölvsagt helst dei bedne, men det hender vel at sume gjev som ikkje kan koma med i laget.
 35. Maten er serleg steik eller annan kjøtrett, deretter kaffi med kaker, som sume lagar sjölv, andre kjøper frå bakar eller by. Brudlaup.
 36. Det var òg er visst skikk at der er eit lag når trulovingi er viss, um det enn er meir innan huslyden. Det heiter vel trulovingslag.
 37. För var der vel og slike lag, no er dei flottare um dei har, um der enn ikkje kan vera so mange gjester med.
 38. Fleire dagars brudlaup veit eg ikkje av heima, det var avlagt då eg vaks upp. Gamle snakkar um at brudlaup kunde vara både 2 og 3 dagar. Brudlaupsdagen kunde der vel vera 4 mål, um det varte heile dagen. I andre bygder var det vel som i mi heimbygd. No varer dei ikkje so lenge. Maten er vel ein kjøtrett med anten suppa eller dessert, suppa frå gamalt saftsuppa med sviker i, no gjerne fyrst suppa og dessert til slutt. Eit matslag var brura-grauten som kom ein kveld, anten fyrste eller andre dagen. Lefsa var og mykje vanleg, likesø dravle eller gumme. Programmet for maten um dagane kan eg ikkje segja noko um.

39. Sendingen eller förningen kunde frå gamalt vera ulike ting, vel helst gumme med eit lag lefser og vafler oppå. Lefsene kunde vera heile, og fatet sett på bordet som det var, so kunde gjestene taka og slite lefsene sund sjølve. No er slikt slutt. Andre kunde koma med mjölk eller flöyte, smör eller andre ting som dei vart bedne um ta med.

40. Smöret var forma i former, gjerne utkrota, seinare fint avrunda som ein topp eller säta.

41. At bedmannen samla inn t.d. kjøt ukjent for meg i mi heimnygd.

42. Det det kom med heitte förning, eller og sending, helst det fyrste.

43. Var det mykje, kunde ei ^{eller sin} gjenta gå med det dagen för, eller um det var lang veg, men helst bar dei det med sjölve högtidsdagen.

44. Rimeleg at dei som bar förningen fram kvelden för fekk litt traktering, utan at eg heima har höyrt um det eller veit namn på denne trakteringi.

45. Dette veit eg ikkje, eg veit berre at når laget var slutt, la dei atti förningskorgi noko av maten.

46. Den koma som stod for dette "å leggja atti" kalla dei reidkona.

47. Fleire dagars brudlaup var slutt heima för eg minnest.

48. Av og til, serleg för når dei vilde ha det meir stille, heldt dei brudlaup på hotell i byen. No reiser ikkje sjeldan paret inn til byen og vert vigde og fotograferte, og held brudlaupet heima. Det fell lettare å ta med båten inn til byen og koma att um kvelden, enn leiga seg skyss til hovudsokni til presten.

49. Heilt utan brudlaupslag vart det ikkje um dei heldt högtidi i byen, um det ~~enn~~ stundom vart berre vitni som var med, anten dei vart kyrkjeleg eller borgerleg vigde.

50. Brudlaupsgåver kunde i slike höve koma seinare, um der i det heile kom noko, for det var ikkje so vanleg med slikt för.

51. Sume heldt vel eit slag minne um brudlaupsdagen kvart år, for seg sjölve. No vert det meir vanleg halda sylvbrudlaup o. v.

Grävöl.

52. I gravöl vart fyrst slekti bedne, deretter grannelaget eller bedlaget. För gjekk ein mann eller kona, eller um det var ein ung som var avliden, ein ungdom kring og bad etter ein viss formular, som var stutt og greid. Dei som budde langt burte vart tilskrivne. No lyser dei det i avisene og bed på den måten og alle som vil koma er velkomne. I ei viss bygd har eg höyrt dei set uppslag på ein stolpe eller viss stad for lysingar, og bed på den måten. Dette stöyter meg, det er som ein auksjon eller lysing etter noko burtkome.

53. No berre ein dags, eller helst halvdags gravöl. Det siste heima som varte 2 dagar var i slutten av 1880-åri, etter ei gamal enkja. Då mannen fleire år för vart gravlagd, hadde dei i skiftet teke av til 2 dagars likferd for henne som for mannen, og dette vart gjort. At langfarande folk kunde stogga til andre dagen var noko anna

54. I likferd heima får dei kaffi med nokre kaker til når dei kjem, og sit då ved eit langbord. Etter heimkoma frå kyrkjegarden helst middag, eller og vanleg brödmatt til kaffien. Er det middag får dei kaffi etterpå, er det brödmatt stoggar dei og pratar litt för dei går heim til hus- og gardsstellet sitt. At dei får maten anten ved småbord eller ståande ukjent heima. Stogga dei so lenge dei skulde få kveldsmatt var det i eldre tid graut, no brödmatt.

55. Fisk var etter det eg veit ikkje brukt til middag likferdsdagen, Det skulde vera kjøt og anten suppa eller dessert, gjerne baa deler.

56. Hovudmålet vart kalla middag um det var middagsmatt, elles ikkje. Då sa dei berre dei ^{mat}, eller og kaffi.

57. Jamnast heldt dei til i heimen; var der fleire hus på garden, kunde dei få halda til i det störste. Sume stader flutter dei yver i samlingshuet både med liket og mat, eller ein av deler, helst då det fyrste.

58. För var förning vanleg. So vart folk bedne utan förning og no kan dei ha med ei kaka, eller krans, um det er nærre slekt.

59. Både kaker og kransar kunde koma dagen fyreat, men sume og til dagen, sjeldnare har dei det med seg når dei kjem, um det enn hender.

- 4.
59. Förningen skulde vera pynteleg tillage, frå gamalt hadde dei ei sers korg til dette bruk, förningskorg, anten av spon eller tæger.
 60. Det er tenkjeleg at dei hadde eit lite lag um förni^{gen}gen ko_m dagen för, men eg kjenner det ikkje frå mi bygd.
 61. Nokon skilnad på maten um avlidne var ugift, kjenner eg ikkje til.
 62. För vanleg dei fekk fullt matmål för dei drog til kyrkje. No ofte kaffi med litt kaker til, um dei i det helle får noko, for det hender og. At dei ikkje har mat korten för eller etter ferdi til gravi, likar ikkje folk, dei tykkjer det då er litt fategsleg og tomt. Ein kopp kaffi med litt mat til er som ein fin slutt på det heile, gjerne med talar, upp-byggjing um det höver, og ein li^{gh}n prat för folk skilst.
 63. Alkoholbruk er helt slutt i lagi, det måtte då vera litt brus eller veikt öl, men slett ikkje vanleg.
 64. Ymse slag drikk heldt seg lenger ved brudlaup enn i andre lag^g her er nemnde, men ikkje sterk drykk.
 65. Litt kaffi med kaker med same dei kjem, so anten middag eller kaffi med smurd brödmatt til, so um ei stund går folk.
 66. Alkohol i gravöl ikkje i bruk her no.
 67. Ein held likferdi og maten heima, ikkje på hotell.
 68. Gjestene vart skriftleg bedne um dei budde langt burte, sidan lyste dei nåsfallet i avisene og bed dei folk gjenom avisene. Dette har auka på so no er det vanleg, eg tenkjer me kan segja det auka på etter fyrste storkrig og utetter. För var det skam koma sjölvbeden, og dei totte det var meinsleg um nokon var glöymde verta bedne.
Når dei etter barsöl sende det tome fatet heimatt, var det vanleg leggja noko atti, serleg vart mjölkebröd mykje brukt til det. Vidare var det skikk i brudlaup og likferd ha kjömeister som sessa folk ved bordet. För var dette brysam^t för folk skulde sitja etter rang og vyrdnad og gjorde seg jamt "kostbare", göymde seg burt, måtte dragast til bords o.l. Dette kune ta lang tid. No er det lettare, um der enno er litt skil på kor dei sit. Gamalt var og at kjömeisteren las for maten, no syng dei eit vers för og etter.
- ~~NYXXXXXXXXXX~~
69. Lysang av nåsfall i avisene byrja för 1900, etter den tid kan me segja det er vanleg.
Nye festar.
 70. Nokon sers tradisjon um 17de maifestar har her ikkje vore, den held på lagar seg. Dei samlar seg ein viss stad og set upp barnetog, vaksnetog meir sjeldan. So samlast dei og syng og talar, helst ute. Sume tider kan her vera gudsteneste, men det er ikkje vanleg i annekset. Sidan idrottsleikar og moro og fest um kvelden.
 71. Högtiding av mor^ådagen har auka på. Det er avisene som tek det upp og skriv um det, og handelsmannen tok tanken upp for å få selja eit og anna til g^æver.
 72. Farsdagen er teken upp på same måte og av same grunnar.
 73. Visse matretter desse dagane enno ikkjende.
 74. Det er aviser, radio, handelsmenn og bakarar som masar um desse nye dagane, vel for å auka umsetnaden.
 75. Desse nye dagane vart kjende gjenom avisene o.l